

Kunnskapsdepartementet

postmottak@kd.dep.no

Vår ref.: 2016/228

Deres ref.: 16/5816

Dato: 07.11.2016

## Høring om «Nasjonale retningslinjer for åpen tilgang til forskningsresultater»

Nasjonalt utvalg for gransking av redelighet i forskning (Granskingsutvalget) viser til Rapport til Kunnskapsdepartementet av 14. juni 2016, med overskrifta «Nasjonale retningslinjer for åpen tilgang til forskningsresultater» (ref. 16/5816). I høyringsfråsegna nedanfor vil Granskingsutvalet avgrense seg til å trekke fram nokre aspekt som er relevante for reieleg forskning og forskingsformidling.

Målet – at resultat av norsk forskning skal vera opent tilgjengelege – har vår fulle støtte og er godt underbygd i dei fem kulepunkta i innleiinga på side 1. Vi vil likevel gjere framlegg om å **føye til følgjande kulepunkt**, for å tydeleggjere at open tilgang er viktig både for kvalitetssikring av vitenskaplege resultat, og for å bidra til at forskning og forskingsformidling blir utøvd i samsvar med forskingsetiske retningslinjer:

- *«Grunnlaget for kritisk vurdering av vitenskapelige resultater og redelighet i forskning vil bli styrket når vitenskapelige publikasjoner blir tilgjengelige for en større gruppe fagfeller som kan bidra med kritisk lesing, vurdering og diskusjon.»*

Dei nasjonale retningslinjene, som foreslått i Del 1, side 3, er etter utvalet sitt syn godt eigna til å nå målet om opent tilgjengeleg vitenskapelig publikasjon.

Vi vil gjere framlegg om ein **justert ordlyd i retningslinje nr. 1** på side 3:

1. Forskere finansiert av norske offentlige midler skal som førstevalg publisere sine vitenskapelige artikler i *kvalitetssikrede* tidsskrifter med åpen tilgang (såkalt gull Open Access).

Endringsframlegget framhevar behovet for kvalitetssikring av tidsskrift med open tilgang. Som arbeidsgruppa påpeikar i Del 3. *Bakgrunn* under kapittelet «Kanalregister og andre

fellestjenester», side 21, har ein sett at publiseringsmodellar som bygger på betaling, har ført med seg ein framvekst av useriøse utgivarar som ikkje i tilstrekkeleg grad kvalitetssikrar materialet for publisering. Denne publiseringsverksemda fører med seg stor risiko for at ein aukande del av publiserte forskingsresultat ikkje oppfyller krav til god forskning. Dette gjeld både kravet om godt underbygde konklusjonar og vurderingar, og kravet om redelighet. Kvalitetssikring av materiale før publisering er særskild viktig i lys av at eit stadig sterkare publiseringspress aukar risikoen for brot på forskningsetiske retningslinjer.

Det er uheldig om useriøse utgivarar undergraver formålet om at forskning - gjennom opent tilgjengelege publikasjonar – skal bidra til å bygge kunnskapssamfunnet, slik det er uttrykt i innleiinga, side 1. Granskingsutvalet vil derfor støtte framlegget om å styrke arbeidet med å vidareutvikle eit nasjonalt kanalregister som kan fylle rolla som ressurs både for forskarar som skal velje gode tidsskrift for publisering, og for brukarar av forskning som ønskjer å velje pålitelege publiseringskanalar for innhenting av forskingsresultat. Internasjonal koordinering vil vera avgjerande for kvaliteten i eit slikt kanalregister.

Opent tilgjengelege publikasjonar og ikkje minst eit vitenarkiv kan bidra til å avdekke vitskapeleg uredelighet eller andre brot med god vitskapeleg praksis. Samstundes vil det gi auka tilgang til relevante artiklar og forskingsresultat for undersøkingar i konkrete saker om vitskapeleg uredelighet.

Granskingsutvalet viser til høyringsfråsegna frå dei nasjonale forskningsetiske komiteane NEM, NENT og NESH, og vil med dette gi støtte til denne, særleg kulepunkt 5 på side 2 i fråsegna.

vennleg hilsen

- for Granskingsutvalget



Torkild Vinther  
sekretariatsleiar